

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

**Janne B. Bruarøy (MDG/V)** stilte spørsmål om ho var inhabil i saka fordi mannen hennar er rektor ved Hyssingen produksjonsskole. Bruarøy gjekk frå under vurderinga av om ho var inhabil. Utval for opplæring og helse vedtok samrøystes at Janne B. Bruarøy var inhabil etter forvaltningslova § 6 1. ledd c.

Bruarøy gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

**Rosalind Fosse (FRP)** sette fram slikt forslag (a):

«Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland, oppgr. Boresimulato og CNC – maskin og industrirobot	7,0 mill
4. IT og telefoni	7,1 mill kr
5. Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill kr
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr»</u>

**Rosalind Fosse (FRP)** sette fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt.

Utval for opplæring og helse ber om at det vert lagt fram ei eiga sak vedk. IT og telefoni kor behovet i opplæringssektoren vert belyst i sin heilhet.»

### Røysting

Rosalind Fosse sitt forslag (a) fekk 7 røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 7 røyster og vart vedteke med møteleiar si røyst.

Rosalind Fosse sitt forslag (b), nytt punkt, vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Omtalte budsjettmidlar for 2018 vert fordelt slik:

1. Oppfølging skulebruksplan	3,0 mill kr
2. Utstyrsmidlar vidaregåande skular, Hyssingen produksjonsskole og Manger folkehøgskule	15,9 mill kr
3. Utstyrsmidlar Fagskolen i Hordaland, oppgr. Boresimulato og CNC – maskin og industrirobot	2,0 mill kr
4. IT og telefoni	12,1 mill kr
5. Utstyrsmidlar yrkesfag	4,0 mill kr
<u>Totalt</u>	<u>37,0 mill kr</u>

2. Utval for opplæring og helse ber om at det vert lagt fram ei eiga sak vedr. IT og telefoni kor behovet i opplæringssektoren vert belyst i sin heilhet.»